

Arkiv:
JournalpostID: <jplD> 20/25442
Saksbehandlar:
Dato: 05.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
032/20	Alver kommunestyre	14.05.2020

VA-prosjekt i økonomiplanen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å auke ramma knytt investeringsbudsjettet på avløp med totalt 12 mill. kr i 2020. Auken er knytt til oppgradering VA-anlegg Alversund i samband med utbygging (8 mill. kr), oppgradering Lindås (2 mill. kr) og Nystøltunet, Fyllingsnes (2 mill. kr). Prosjekta vert lånefinansiert og teken inn i investeringsoversynet i 1.tertialrapport 2020.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 032/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtek å auke ramma knytt investeringsbudsjettet på avløp med totalt 12 mill. kr i 2020. Auken er knytt til oppgradering VA-anlegg Alversund i samband med utbygging (8 mill. kr), oppgradering Lindås (2 mill. kr) og Nystøltunet, Fyllingsnes (2 mill. kr). Prosjekta vert lånefinansiert og teken inn i investeringsoversynet i 1.tertialrapport 2020.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

I Økonomiplanen vert Vatn- og avløpsprosjekta splitta i to bolkar. Slik vil mange av desse prosjekta vere sett opp med to linjer i investeringsbudsjettet; ei linje for investeringar som krevst på vatn og ei linje for investeringar som krevst på avløp. Ved ein inkurie har tre av VA-prosjekta i økonomiplanen ikkje blitt spesifisert i avløps-delen i det vedtekne investeringsbudsjettet 2020.

Prosjekta er i heilskap tekne omsyn til i gebyrgrunnlaget.

Saksopplysninger:

Inkurien gjeld tre VA-prosjekt lista opp under. Prosjekta er spesifisert som linjer 58,59,60 i bolken for investeringar som gjeld vatn i godkjent økonomiplan for Alver. Prosjekta skulle ha motsvarande linjer under bolken for avløp.

- 58 Oppgradering VA-anlegg Alversund i samband med utbygging
- 59 Oppgradering Lindås
- 60 Nystøltunet, Fyllingsnes

Prosjekta er rekna med i gebyrgrunnlaget med følgande investeringsmidar:

- 58 Oppgradering VA-anlegg Alversund i samband med utbygging – 8 mill
- 59 Oppgradering Lindås – 2 mill
- 60 Nystøltunet, Fyllingsnes – 2 mill

Prosjekta skal lånefinansierast og vil bli tatt inn i 1. tertialrapport.